

Synliggjøringstillegg til læreplaner for fag i Fagfornyelsen

Tillegg til "Fagets relevans og sentrale verdier"

23.juni 2020

Til bruk i kristne grunn- og videregående skoler, etter styrevedtak.

Naturfag

Gud har skapt verden og holder den oppe. At han har gitt mennesket ansvar for å forvalte den, gir et viktig perspektiv på natur- og miljøvern. Virkelighetsoppfatning og kunnskapssyn kan ha betydning for hvordan naturvitenskapelige resultater presenteres og tolkes. Vitenskapelige sannheter forandres og utvikles. Faget skal generelt styrke elevenes evne til å vurdere kunnskap i lys av disse momentene, inkludert å se ulike oppfatninger om verdens tilblivelse i lys av naturvitenskapelige forklaringsmodeller.

Faget skal formidle at mennesket står i en særstilling i skaperverket, med en naturside og en åndsside. Menneskets verdi er forankret i skapelsen, livet er hellig og ukrenkelig fra unnfangelse til naturlig død. Faget skal ruste elevene til å vurdere hvilke konsekvenser dette bør få for naturvitenskapelig forskning på mennesket. I etiske vurderinger av forskning og bruk av forskningsresultater er kristen etikk et godt grunnlag for å vurdere hva som er godt for enkeltmennesker og samfunn. Elevene skal motiveres til å bruke sine evner og sin naturfaglige kompetanse til det beste for sine medmennesker, både lokalt og globalt.

Norsk

Tekstene som elevene møter i faget vil påvirke deres dannelse og identitetsutvikling, også på det livssynsmessige området. Mer eller mindre tydelig bærer tekstene med seg et grunnleggende syn på mennesket, samfunnet og meningen med livet. Utvikling av evne til kritisk tenkning vil innebære at elevene lærer å analysere hvilke normer og verdier som formidles og å vurdere disse. Faget skal gi tilgang til tekster som gir dem positive forbilder, utvider deres horisont og skaper empati.

Bibelen og kristendommen generelt er grunnleggende i vår kultur. Bruk av tekster som gir innsikt i kristen tro og etikk vil derfor være viktig for kulturforståelsen. Slike tekster vil også kunne være et kritisk korrektiv til dagens majoritetskultur og bidra til at elevene blir reflekterte samfunnsborgere, med respekt for mennesker med forskjellig ståsted.

Gud har gitt mennesket evner til kommunikasjon og kreativitet. Faget skal ruste elevene til å bruke språket ansvarlig, til Guds ære og til tjeneste og glede for sine medmennesker, både individuelt og på samfunnsnivå.

Matematikk

Matematikken bygger på at verda er skapt med struktur og orden, der grunnsteinane er føresetnader, aksiom, som ikkje kan provast. Faget kan derfor bidra til å gje elevane ei forståing av at ikkje all kunnskap bygger på naturvitskapelege prov. Matematikken har også nokre estetiske verdiar – han har mønstre, reglar og former som kan vekkje undring og glede. Gjennom å arbeide med matematikken kan elevane få større undring og respekt for skaparverket og Gud som skapar.

Matematikken er eit språk Gud har gitt menneska for å kunne forstå og forvalte skaparverket. Faget skal gje elevane kunnskap som kan nyttast i teneste for Gud, medmenneske og skaparverket. Utvikling av evne til kritisk tenking vil innebære at elevane lærer å analysere og vurdere kva normer og verdiar som vert formidla der matematikken blir brukt, til dømes i politisk og ideologisk argumentasjon. Elevane skal bli rusta til å sjå etter implisitte haldningar og verdiar i praktiske døme i

undervisninga. Dei skal og utforske bruk av matematikken i døme som fremjar nestekjærleik, forvaltaransvar og glede ved å gje og som motverker materialisme og konsumenthaldning.

Samfunnsfag

Kva det gode liv og det gode samfunn er, er ikkje spørsmål med verdinøytrale svar. Faget må difor gje stort rom for refleksjon rundt kva som er godt og rett i samfunnet, og må klargjere korleis ulike livssyn og tankesystem fører til ulike verdi- og samfunnssyn. Faget byggjer på ei kristen forståing av samfunnet, med ei røyndomsoppfatning og eit menneskesyn som seier at Gud har skapt verda, held henne oppe og er aktiv i menneska sitt liv. I faget skal elevane utforske korleis menneska gjennom sine handlingar kan vere aktive, ansvarlege medarbeidarar i Guds skaparverk. Elevane skal bli bevisste på religionen sin påverknad på etiske haldningar, sosiale strukturar og lover, og spesielt korleis kristen tru, tanke og sed har prega utviklinga i Noreg.

Fordi mennesket er skapt i Guds bilete, har det potensiale til å gjere godt, men på grunn av syndefallet har det og potensiale til å gjere vondt. Elevane skal bli bevisste på korleis menneske kan verte freista til å misbruke makt, og dei skal bli rusta til å ta ansvar for eige og medansvar for andre sitt liv.

Kroppsøving

Mennesket er skapt av Gud som ein integrert heilskap av ånd, sjel og kropp. Menneska er ulike, men alle har same verdi. I kroppsøvingsfaget vert likeverdet utfordra på ein særskilt måte, faget skal motivere elevane til å sjå at deira verdi er uavhengig av prestasjonar og funksjonsevne. Elevane skal lære å setje pris på seg sjølve, med den kroppen dei har, og å ta vare på kroppen som ein del av skaparverket. Faget skal fremje positiv livsutfalding og innsats ut frå eigne føresetnader, og motverke det seksualfikserte og marknadsstyrte fokuset på kroppen som er utbreidd i samfunnet.

Samspel i leik og idrett legg til rette for gode fellesopplevingar. Faget skal gje elevane høve til å vise omsorg for kvarandre og oppmuntre kvarandre slik at rørsleglede og sjølvkjensle vert styrkt. Friluftsliv skal gje elevane glede gjennom naturopplevingar og aktivt motivere til forvaltaransvar for alt Guds skaparverk.

Engelsk

Evnen til kommunikasjon skaper identitet og er en gave som skal brukes til Guds ære og til tjeneste og glede for medmennesker, både individuelt og på samfunnsnivå. Faget skal utruste elevene til å vise gjestfrihet og nestekjærlighet og oppmuntre dem til å gjøre det. Faget skal motivere elevene til å lære fremmedspråk som et uttrykk for respekt for mennesker som ikke forstår norsk. Elevene skal få erfare gleden ved å mestre et språk for sin egen del og de muligheter det gir for opplevelser og fellesskap.

Tekstene og språkøvelsene som elevene møter i faget vil, i større eller mindre grad, bære med seg et grunnleggende syn på mennesket, samfunnet og meningen med livet. Utvikling av evne til kritisk tenkning vil innebære at elevene lærer å analysere hvilke normer og verdier som formidles og å vurdere disse. I denne prosessen vil de også bevisstgjøres i forhold til egen kultur og eget livssyn. Elevene skal møte tekster som gir positive forbilder, utvider deres horisont og skaper empati. Tekster og språkøvelser som reflekterer kristen tro og liv med en gudsdimensjon, bidrar til kulturforståelse og identitetsutvikling. Slike tekster vil også kunne være et kritisk korrektiv til dagens majoritetskultur og bidra til at elevene blir reflekterte samfunnsborgere, med respekt for mennesker med forskjellig ståsted.